

PLANOMTALE FOR REGULERINGSPLAN FOR HØYLANDSBYGD SMÅBÅTHAMN GNR 202 BNR 53.



Innhald

1. Innleiing
 - a. Bakgrunn /intensjon
 - b. Kortversjon
 - c. Arealoppgåve
2. Eksisterande situasjon
 - a. Eksisterande landskap
 - b. Planavgrensing
3. Planforslag
 - a. Skildring av planforslaget
 - b. Arealoppgåve
4. Planstatus for gjeldande område
 - a. Kommunedelplan
 - b. Reguleringsplan
5. Planprosessen
 - a. Oppstart
 - b. Innkomne innspel
6. Planfaglege vurderingar
 - a. Tilhøve til omgjevnadar og estetikk
 - b. Terreng og landskapstilpassing
 - c. Barn, unge, eldre og funksjonshemma sine interesser
 - d. Utsikt sol og klimatilhøve
 - e. Landbruksfaglege vurderingar
 - f. Strandsona
 - g. Rikspolitiske retningslinjer for areal og transportplanlegging
 - h. ROS-vurdering

1. Innleiing

a. Bakgrunn /intensjon

Bakgrunnen for denne reguleringa/utvidinga av reguleringsplanen er at Høylandsbygd Båtforening ville utvide småbåthamna med ei flytebrygge slik at det vart plass til fleire båtar hjå dei. Byggesøknaden for denne flytebrygga resulterte i eit krav om reguleringsplan frå Kvinnherad Kommune.

2. Eksisterande situasjon

a. Eksisterande landskap

Området er opparbeidd til småbåthamn og det er parkeringsplassar langs denne og ved foreningshuset. Langs periferien til planområdet er det ein plen og nokre trer. Elles er området flatt.

b. Planavgrensing

Plan grensa går langs eigedomsgrensa til Høylandsbygd Båtforening på land og i sjø går grensa 45m sør, 60 m vest-sørvest, før den gir plass for naboar og knyter seg til grensa for eigedomen til Høylandsbygd båtforening

3. Planforslag

a. Skildring av planforslaget

Planforslaget skal legga til rette for utviding av eksisterande småbåthamn. Det er tenkt å forlenge den sentrale flytebrygga. Det vert og tatt med endringar som har skjedd sidan førre reguleringsplan. Føresegner vert oppdatert. Elles er planforslaget svært likt eksisterande plan.

b. Arealoppgåve

Bygg og anlegg – Bustad/Tenesteyting	0,3 daa
Samferdsleanlegg – Køyreveg	1,3 daa
Samferdsleanlegg – Kai	1,0 daa
Gøntstruktur	3,0 daa
Bruk og vern av sjø – Småbåthamn	0,2 daa
Bruk og vern av sjø – Småbåtanlegg i sjø	8,6 daa
<u>Bruk og vern av sjø – Boder</u>	<u>0,2 daa</u>
Totalt	14,5 daa

4. Planstatus for gjeldande område

a. Kommunedelplan

Forslaget vil i prinsippet vere i strid med kommunedelplanen, men det er snakk om ei utviding av ei eksisterande småbåthamn, og området rundt er prega av industri og sjøbruk, så ein vurderar det som lite problematisk at forslaget ikkje er heilt i samsvar med kommunedelplanen. Utleigebustadane i forsamlingshuset er og i strid med overordnaplan, men dette er ei tilnærming til faktiske tilhøve.

b. Reguleringsplan

Planforslaget vil utvide den eksisterande planen, og oppdatere planen på kva som eksisterer innafor planområdet. Det vil ikkje vere strid mellom eksisterande plan og planforslaget.

5. Planprosessen

a. Oppstart

Varsel om oppstart av detaljregulering vart sendt ut til naboar og offentlege instansar 07.01.10 saman med annonse i aviser Kvinnheringen og Hardanger Folkeblad. Det er ikkje kome inn kommentarar frå naboar, men det er kome inn 6 merknadar frå diverse offentlege instansar. Desse er lagd ved og ikkje teke med i fulltekst her

b. Innkomne innspel

i. Brev frå Hordaland Fylkeskommune dagsett 02.02.10

"Då saka også omfatta areal i sjø har den også vore til vurdering hjå Bergen Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til marine kulturminne i tiltaksområdet, og har difor ingen innvendingar mot planane.

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet, og har difor ingen merknadar på noverande stadium i planprosessen."

ii. Brev frå Bergens sjøfartsmuseum dagsett 21.01.10

"Vi har derfor ingen innvendinger mot det foreslåtte tiltaket. Bergen Sjøfartsmuseum vil heller ikke kreve å undersøke området."

iii. Brev frå Noregs vassdrags og energidirektorat dagsett 21.01.10

"Vi minner om dei generelle utgreiingskrava i PBL §4-3 om Samfunnstryggleik og risiko- og sårbarheitsanalyse. NVE har elles ingen innspel til planarbeidet."

iv. Brev frå Fiskeridirektoratet dagsett 18.01.10

"Det må takast omsyn til låssettingsplassen i Hillestadvågen under arbeidet med planen. Vi vil minne om avstandsreglane i havressurslova:

§27. Lås og stengjesetjing2. Ledd:

"Det er forbode å hauste nærare enn 100 meter og å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøyde i land elle oppankra på annan måte."

v. Brev frå Statens vegvesen dagsett 12.01.10

"Den omtala Reguleringsendringa/planen vil få tilkomst via kommunal veg frå fv. 60 Statens vegvesen har ikkje merknader til planarbeidet

vi. Epost frå Fylkesmannen i Hordaland mottatt 22.02.10

"Småbåthamnføremålet samsvarar ikkje med gjeldande kommuneplan, men planarbeidet ser likevel ikkje ut til å kome i konflikt med nasjonale føringar for arealpolitikken.

På denne bakgrunnen har ikkje Fylkesmannen andre merknader"

- c. Forslagstillar sine kommentarar
 - i. Brev frå Hordaland Fylkeskommune dagsett 02.02.10
Ingen kommentar
 - ii. Brev frå Bergens Sjøfartsmuseum dagsett 21.01.10
Ingen kommentar
 - iii. Brev frå Noregs vassdrag og energidirektorat dagsett 21.01.10
Ingen kommentar
 - iv. Brev frå Fiskeridirektoratet dagsett 18.01.10
Dette skal først inn i føresegner
 - v. Brev frå Statens vegvesen dagsett 12.01.10
Ingen kommentar
 - vi. Epost frå Fylkesmannen i Hordaland mottatt 22.02.10
Ingen kommentar

6. Planfaglege vurderingar

a. Tilhøve til omgjevnadar og estetikk

Planforslaget opnar for lite nytt i området, så det vil verte lite endringar i høve til noverande situasjon. Hovudsakleg er det snakk om ei utviding av eksisterande båtfester, og oppdatering av planen til eksisterande tilhøve. M.a. har det kome til nokre boder på kaien og i forsamlingshuset er det innreia to bustader i andre høgda.

b. Terreng og landskapstilpassing

Det er ikkje noko terrengformer og lite landskap å tilpasse seg. Tiltaket vil vere anonymt i konteksten. Området er prega av småhus på eine kanten og sjø og industri på andre.

c. Barn, unge, eldre og funksjonshemma sine interesser

Tiltaket vil i liten grad påverke tilhøva til dei svake gruppene i samfunnet, men det er føra inn i føresegnene at nye tiltak skal ha universell utforming.

d. Utsikt, sol og klimatilhøve

Utsikta frå båthamna er ikkje av dei mest sceniske, men soltilhøva er gode.

e. Strandsona

Planen legg til rette for ei utviding av eksisterande plan og vil slik ikkje føre til noko endring med omsyn til strandsona

f. Rikspolitiske retningslinjer for areal og transportplanlegging

Det skal ikkje fraktast farlege material gjennom området, og planen legg opp til samling av båtplassar, og slik tar vare på strandsona i området rundt.

g. ROS-vurdering

i. Støy

Auke i båttrafikken vil kunne generere noko meir støy, men dette vert å rekne som minimalt då det er industri i området og ei eksisterande båthamn.

ii. Trafikktryggleik

Båthamna vil generere noko meir trafikk til området, men dette er minimalt.

iii. Radon

Det er to bustadeiningar som er til utleige i området, og statens strålevern har anbefala alle som bur i dei tre første høgdena om å måle radonnivået. For Kvinnherad er det og gjennomføra målingar og gjennomsnittet for desse er 46 bq/m³ noko som er halvparten av gjennomsnittet i Noreg og godt innafor risikosona. Elles skal det ikkje vere bygg innafor området som skal nyttast til varig opphald.

iv. Beredskap /sløkking

Brannvesenet og ambulanse har utrykkingstid på ca 10 min.

v. Høgspenning

Det er ingen høgspenning gjennom området

vi. Vass og avlaupsanlegg

Det er offentleg vass og avløpsanlegg i området og evt. tiltak skal knyta seg på dette.

vii. Ekstremver

Planområdet ligg godt skjerma bakom ei halvøy og vil slik ikkje ha problem med ekstremver. Inngangen til vika er og smal, slik at det vil vere lite bølger som kjem inn til hamna. Problem her kan vere stormflo.

viii. Grunnproblem

Det er ingen kjende grunnproblem i området, og det går ingen vassdrag gjennom området.

Husnes 13.04.10